



Arkivnr: 2014/560-245
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		09.09.2016
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		28.09.2016

Møteplan for 2017

Samandrag

Vedlagt følger utkast til møteplan 2017 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) og Ungdommens fylkesutval (UFU) og Ungdommens fylkesting (UFT). Det er basert på møteplanane som er vedteke for fylkestinget, fylkesutvalet, kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet, samferdselsutvalet og administrasjonsutvalet. Møtedagane fell på onsdagar for RMNF og på onsdagar og fredagar, samt nokre helgar, for UFU i det vedlagte utkastet til møteplan 2017.

Premiss for planane:

- Vinterferie for dei fleste skulane 27.2.-3.3.2017
- Påske 9.-17. april
- Kristi himmelfartsdag 25. mai
- Pinse 4.-5. juni
- Stortingsval 11. september
- Haustferie truleg veke 41 (Oslo har fastsett haustferie 2017 til veke 40)

Når møteplanen skal leggjast, er saksgangen utval – fylkesutval – fylkesting eit viktig utgangspunkt, slik at fråsegn frå medverknadsorgan i ei særskild sak skal kunne sendast rett instans før det skal gjerast politisk vedtak.

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek møteplanen 2017 for rådet sine møter og arbeidsutvalsmøter slik den føreligg.

Ungdommens fylkesutval vedtek møteplanen 2017 for utvalet sine møter og Ungdommens fylkesting slik den føreligg.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Forslag til møteplan for 2017